

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033	15/722

Saknr	Utval	Type	Dato
104/2015	Kommunestyret	PS	29.10.2015

Val av arbeidsmiljøutval valbolken 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel til å vere ein av arbeidsgjevar sine representantar i Arbeidsmiljøutvalet for valbolken 2015 – 2019.

Vararepresentant vert

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova) § 7-1 slår fast at verksemdar som jamleg sysselsetter minst 50 arbeidstakarar skal ha eit arbeidsmiljøutval.

Arbeidsgjevarane og arbeidstakarane skal ha like mange representantar i utvalet. Leiaren for utvalet vert vald vekselvis av arbeidsgjevaren og arbeidstakarane sine representantar.

Forskrift om organisering, ledelse og medvirking § 3-7 slår fast at arbeidsgjevar sjølv peiker ut sine representantar til utvalet, og at ein representant frå den øvste leiinga i kommunen alltid skal vere medlem av arbeidsmiljøutvalet. Vidare står det at Hovudverneombodet skal vere ein av arbeidstakarane sine representantar i utvalet.

Fakta

Innarbeidd praksis i Masfjorden kommune er at det er 6 medlemmer i arbeidsmiljøutvalet; tre frå arbeidsgjevarsida og tre frå arbeidstakersida. Arbeidsmiljøutvalet er samansett slik:

- Rådmann (eller ein frå øvste leiinga i kommunen)
- ein person utpeikt av rådmann
- ein person valt av kommunestyre (med vara)
- hovudverneombodet (med vara)
- to personar valt av organisasjonane (med vara)

Arbeidstakersida har hatt leiaren dei siste fire åra etter at Hildegunn Bjånes – sjukepleiarforbundet -vart valt til leiar i sak AMU-018/11 den 25.11.2011.

Det er innarbeidd praksis i Masfjorden kommune at Arbeidsmiljøutvalet sjølv vel leiar og nestleiar.

Konklusjon

Kommunestyret må velje ein person med vara til å vere ein av arbeidsgjevar sine representantar i Arbeidsmiljøutvalet.

Kommunestyret - 104/2015

KS - behandling:

Frode Langhelle (H) la fram framlegg om at Karstein Toland vart valt som ein av arbeidsgjevar sine representantar i arbeidsmiljøutvalet med Torill Torsvik Størkersen som vara.

Røysting:

Framlegg frå H vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret vel Karstein Totland til å vere ein av arbeidsgjevar sine representantar i Arbeidsmiljøutvalet for valbolken 2015 – 2019.

Vararepresentant vert Torill Torsvik Størkersen.